

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad:	Haugeveien 28, Nordnes
Dato:	28.01.2020
Tid:	09:00 – 11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Trude Amundsen	Medlem	Tilsette
Sebastian Hennig	Medlem	Studentane

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sonja Merethe Øvre-Flo	Marianne Sæhle	Eigar (H)

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Sekretariat
Christine Sommer	Styresekretær
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkivsaknr	U.Off
GK 1/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Referatsaker		
RS 1/20	Ny logo for Fagskolen i Hordaland	2020/1479	
RS 2/20	Orientering om årsrekneskap 2019 og budsjett 2020	2020/1479	
RS 3/20	Orientering - Styret sin kompetanse og delegering til rektor	2020/1479	
RS 4/20	Endring i møteplan for 2020	2020/1479	
RS 5/20	Informasjon om møtegodtgjersle og innsending av krav	2020/1479	
	Saker		
PS 1/20	Endring i bruk av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland	2020/1479	
PS 2/20	Innføring av studieavgift ved samlingsbaserte utdanningar med nettstøtte	2020/1479	

GK 1/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 28.01.2020

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent med følgjande merknad:

Omgrepet vedtakssaker (VS) vert nytta i staden for politiske saker (PS).

Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2020

RS 1/20 Ny logo for Fagskolen i Hordaland

Styret gjorde følgjande merknad i saka:

Vedtak

Styret presiserer at ein forventar at det vert gjort tydeleg kva fagskole det gjeld i høve til profilering.

RS 4/20 Endring i møteplan for 2020

Følgjande møter vart endra:

Vedtak

Opphavelig dato	Ny dato
27.02.2020 (heildagsmøte – seminar)	19.02.2020
26.03.2020	27.03.2020
07.05.2020	29.04.2020
10.09.2020	11.09.2020

Øvre referatsaker vart teke til orientering.

Saker

PS 1/20 Endring i bruk av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland

Forslag til vedtak

1. Fagskolen skal i samband med utvikling og omlegging til nytt kvalitetssystem erstatte dagens studentevaluering med evalueringa som vert gjennomført i studiebarometeret i regi av NOKUT.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2020

Representanten Haga sette fram følgjande forslag til nytt punkt 2 i vedtaket:

«Styret ønskjer at det vert etablert ein hyppig måling og oppfølging av de psykososiale arbeidsmiljøet til studentane.»

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med nytt punkt 2.

Vedtak

1. Fagskolen skal i samband med utvikling og omlegging til nytt kvalitetssystem erstatte dagens studentevaluering med evalueringa som vert gjennomført i studiebarometeret i regi av NOKUT.
2. Styret ønskjer at det vert etablert ein hyppig måling og oppfølging av de psykososiale arbeidsmiljøet til studentane.

PS 2/20 Innføring av studieavgift ved samlingsbaserte utdanningar med nettstøtte

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal innføre studieavgift som samlingsbaserte utdanningar med nettstøtte for nye studentar frå og med hausten 2020.
2. Det vert ikkje teke studieavgift for helsefagskulestudentar

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.01.2020

Styreleiar sette fram følgjande forslag til nytt vedtak:

Saka vert utsett og gjort grundigare greie for til styremøtet 19.02.2020. Styret vert oppmoda om å sende inn skriftlege spørsmål og problemstillingar som det er ønskjeleg å få særleg belyst til sekretariatet innan 4. februar.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Styreleiar sitt forslag til nytt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett og gjort grundigare greie for til styremøtet 19.02.2020. Styret vert oppmoda om å sende inn skriftlege spørsmål og problemstillingar som det er ønskjeleg å få særleg belyst til sekretariatet innan 4. februar.